

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
013/23	Administrasjonsutval	PS	05.10.2023
097/23	Kommunestyret	PS	26.10.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Bjørnar Fjellhaug	FE-400, TI-&37, FA-X60	23/1074

## Oppstart arbeidsgjevarpolitikk for Austrheim kommune

### Vedlegg

Kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk, Austrheim 2023

Arbeidsreglement Austrheim kommune. versjon 1.1. vedteke 24.03.2022

Lønspolitisk handlingsplan 2022-2024 i Austrheim kommune

Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Austrheim kommune. Versjon 1.1

Lærlingstrategi 2022-2026 - Austrheim kommune versjon 1.1

### Framlegg til vedtak:

*Administrasjonsutvalet tilrår at kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide framlegg til arbeidsgjevarpolitikk for Austrheim kommune. Framlegg til ny arbeidsgjevarpolitikk vert lagt fram til politisk handsaming første halvår 2024.*

### Administrasjonsutval - 013/23 - 05.10.2023

#### ADM - behandling:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Monika Soltveit Gabrielli (HTV Utdanningsforbundet) sa at kommunen har ein aktiv rekrutteringspolitikk, men ikkje er like aktive på å ta vare på dei tilsette ein har. Viktig å starta med dette, og bra å ta både rekruttering av nye og ivaretaking av dagens tilsette samstundes. Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det framover vert viktig å ta godt vare på dei tilsette ein har. Anette Kaland (HTV Fagforbundet) sa at det er viktig å kommunisera ut via infotavlene, og ikkje berre på Intranett. Må jobba meir med informasjon og kommunikasjon for å sikra at alle har fått det med seg.

Helge Dyrkolbotn (KrF) oppfordra til å jobba godt med å få ut informasjon om dette arbeidet.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dette med informasjon og kommunikasjon er utfordrande, og viste til at det også kan vera behov for skriftleg utsending der ein må kvittera på at ein har både lese og forstått informasjonen.

HR-rådgjevar Wenche Myrmel sa at det er mogleg å senda informasjon ut elektronisk der ein må gje

lesekvittering.

Inger-Lise Brekke (H) sa at det er viktig med informasjon, for å unngå at det etablerer seg alternative tolkingar. Viktig med stoppunkt der ein forsikrar seg at dei tilsette har fått med seg informasjonen som er gitt.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug svara at det skal jobbast med informasjon/kommunikasjon, skal følgja opp at informasjonen vert fanga opp og forstått.

Anette Kaland (HTV Fagforbundet) oppfordra til å bruka informasjonstavlene for å få merksemd frå dei tilsette. Kaland fekk støtte av Monika Soltveit Gabrielli (HTV Utdanningsforbundet), som viste til at det kan vera mykje å ta inn, og at dei tilsette kan ha ulik lesekompetanse.

Handsaming i utvalet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **ADM - vedtak:**

*Administrasjonsutvalet tilrår at kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide framlegg til arbeidsgjevarpolitikk for Austrheim kommune. Framlegg til ny arbeidsgjevarpolitikk vert lagt fram til politisk handsaming første halvår 2024.*

## **Kommunestyret - 097/23 - 26.10.2023**

### **KS - behandling:**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for administrasjonsutvalet si tilråding til vedtak.

### **KS - vedtak:**

Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide framlegg til arbeidsgjevarpolitikk for Austrheim kommune. Framlegg til ny arbeidsgjevarpolitikk vert lagt fram til politisk handsaming første halvår 2024.

## **Saksopplysninger:**

### **Bakgrunn**

Austrheim kommune har ikkje pr i dag nokon skriftleg nedfelt arbeidsgjevarpolitikk. Kommuneleva § 5-3 stadfestar kommunestyret som det øvste organet i kommunen. I § 13-1 er det løpande personalansvaret delegert til kommunedirektøren. Denne delegasjonen kan ikkje fråvikast. Det løpande personalansvaret omfattar tilsetjing, oppseiing, suspensjon, avskil og andre tenstlege reaksjonar dersom ikkje noko anna er fastsett i lov. Kommunestyret ivaretek ansvaret sitt som eit kollegialt organ, og utøver myndet sitt gjennom å vedta reglement og retningslinjer. Dette gjeld også arbeidsgjvaransvaret. Det vert tilrådd at arbeidsgjevarstrategien vert vedteken i byrjinga av

funksjonstida til kommunestyret, og at den bør vere langsiktig og føreseieleg.

KS si kommunevise vurdering av kommunane i Noreg: <https://www.ks.no/status-kommune/kart/region?r=4632>

Revisjonen har gjennomført ein forvaltningsrapport som vart framlagt for kontrollutvalet 22.09.2023. Ei av tilrådingane er at kommunen utarbeidar ein arbeidsgjevarstrategi. Rapporten er vedlagt saka.

Det er viktig å framstå som ein profesjonell og attraktiv arbeidsgjevar og det er difor viktig med ein oppdatert arbeidsgjevarstrategi.

Kommunen har vedteke ein del styringsdokument som omhandlar arbeidsgjevarstrategien bla.:

- Arbeidsreglement
- Lønspolitisk handlingsplan 2022-2024 (skal reviderast)
- Lærlingstrategi 2022-2026
- Plan for heiltidskultur
- Delegasjonsreglement
- Austrheimmodellen stipend, rekruttering og tilsettordningar
- Etske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Austrheim
- Leiaravtalar
- Handlings- og økonomiplan
- Kommuneplanen sin samfunnsdel (skal reviderast)

## Vurdering

For å ivareta det overordna arbeidsgjevaransvaret bør kommunestyret i kvar periode vedta arbeidsgjevarstrategien. Det ligg ikkje føre nokon gjeldande arbeidsgjevarstrategi utover dei overordna reglement og rutiner som er vedteken. Arbeidsreglement, strategisk kompetanseplan og lønspolitisk handlingsplan er tre styringsdokument i tillegg til kommuneplanen sin samfunnsdel og Handlings- og økonomiplan som regulerer noko av arbeidsgjevarstrategien for Austrheim kommune.

Det vert difor naturleg at ein samanfattar på grunnlag av desse dokumenta og arbeidet no med ny samfunnsdel og i lys av å vere ein attraktiv arbeidsgjevar og kommune, bør det vedtakast ein arbeidsgjevarstrategi for Austrheim kommune.

Arbeidsgjevarstrategien er viktig for å gjennomføre kommunen sitt samfunnsoppdrag, styrke kommunen si evne til å rekruttere arbeidskraft og byggje eit godt omdømme i tillegg til å vere utforma for nye utfordringar. Ved å tydeleggjere arbeidsgjevarstrategien kan kommunestyret leggje til rette for eit godt arbeidsmiljø, og tydeleggjere forventningar til tilsette, her også kommunen sine leiarar. Saman med kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunen sin handlings- og økonomiplan skal arbeidsgjevarstrategien peike retning for kommunen sine tilsette, innbyggjarar og brukarar. I tillegg er det naudsynt å sjå arbeidsgjevarstrategien saman med bærekraftsmåla og kommunen sine øvrige strategidokument. Aktuelle problemstillingar er demografiutvikling, rekruttering, sjukefråvær, heiltid og mangfald, lærlingar og digitalisering. Vi vil ta vare på det gode som er nedfelt i gjeldande dokument og samanfatte det til ein god arbeidsgjevarstrategi for Austrheim og også innarbeide dei etske retningslinjene.

Etisk refleksjon er like viktig for folkevalde som for tilsette. Difor vil dette innarbeidast i arbeidsgjevarstrategien. Å vere bevisst rund det vi gjer, seier og skriv, dannar grunnlaget for tilliten

og haldninga frå innbyggjarane til kommune.

Kommunedirektøren vil setje i gang arbeid med å få på plass ein ny arbeidsgjevarstrategi for kommunen og vil leggje opp til medverknad frå fagforeiningane og hovudvernombod i prosessen. Strategien vil gå gjennom arbeidsmiljøutvalet (AMU), vidare til Administrasjonsutvalet og til endeleg handsaming i kommunestyret (KS).

Strategien må byggje på allereie vedtekne styringsdokument.

Kommunenes sentralforbund (KS) har utarbeidd eigne sider for arbeidsgjevarar. Dette kan vere med å gje hjelp i utarbeidinga av ein god og framtidretta arbeidsgjevarstrategi.

KS – Nyskapande arbeidsgjevarar: <https://www.ks.no/fagomrader/arbeidsgiverpolitikk/ledelse-og-organisering/nyskapende-arbeidsgivere/>

KS – Arbeidsgjevarpolitikk: <https://www.ks.no/fagomrader/arbeidsgiverpolitikk/>

Webinar: <https://www.ks.no/fagomrader/arbeidsgiverpolitikk/ledelse-og-organisering/seks-webinarer-nyskapende-arbeidsgivere-tar-grep/>

## **Folkehelse**

- Vil vere positivt i eit godt folkehelseperspektiv med ein god arbeidsgjevarstrategi.

## **Miljø**

- Ingen innverknad på miljø.

## **Økonomi**

- Vil ikkje ha nokon økonomiske konsekvensar.

## **Konklusjon**

*Administrasjonsutvalet tilrår at kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide framlegg til arbeidsgjevarpolitikk for Austrheim kommune. Framlegg til ny arbeidsgjevarpolitikk vert lagt fram til politisk handsaming første halvår 2024.*

